

# Frigjev dei politiske fangane i spania no!

---

Nett no sit politikarar i Katalonia fengsla, er i frivillig eksil i utlandet og nyvalde parlamentarar blir truga med fengsel og får ikkje møte i parlamentet i Barcelona.

Mindretalsregjeringa i Madrid oppløyste parlamentet i regionen 27. oktober, skreiv ut nyval og fengsla politikarar frå opposisjonen til PP, høgrepartet til statsminister Rajoy. Sentralregjeringa brukte ein grunnlovsparagraf frå den spanske dei vedtok i 1978 i overgangen frå det siste militære fascistdiktaturet i Vest-Europa til det ein såg for seg skulle bli eit gryande demokrati. Grunnlova i Spania burde vore oppdatert for lenge sidan og iallfall i 1987 då Spania gjekk inn i EU. Etter valet 21. desember konstituerte det nyvalde katalanske parlamentet seg i januar, ikkje alle politikarane kunne møte for dei er fengsla eller truga med fengsling.

Møre og Romsdal SV meiner at i Europa i 2018 skal politikarar trygt kunne delta i politiske organ og fatte politiske vedtak. Vedtak i tråd med demokratiske reglar må kunna fattast utan å risikere fengsel, vedtak eit politiske fleirtal kan gjere sjølv om opposisjonen er usamde i politikken. Fleirtalet skal ikkje oppleve at motstandarar set politi inn for å hindre at vedtaket blir gjennomført.

I Skottland var det greitt å avvike ei folkeavstemming om at dei skulle bli uavhengig av Storbritannia, det burde vere greitt at katalanske veljarar fekk stemme over om regionen skulle bli ein uavhengig del av Spania.

Møre og Romsdal SV ber politikarar, politiske parti og media ta opp denne alvorlege situasjonen som Spania har enda opp i. Vi skal ikkje finne oss så vel i den uretten som ikkje råkar oss sjølve, men stå opp for demokratiet. SV godtek ikkje at politi grip inn og avgjer politikk, den tida bør definitivt vere over i Europa i dag.

Møre og Romsdal SV